

har ikkje alle tenåringsgutar hatt si seksuelle oppvakning til ein Peter Andre plakat?

*Eg minnst at plakaten hang so fint opp mot dei lilla veggane på systera mi sitt rom, slik at Peter fekk eit skin av fiolett over musklane, over håret, der han reiste seg som ei eller anna mytisk skaping ut av vatnet. Og han var oljete, liksom alle skulle vera oljete, eller fuktige på den tida. Olja og fukta skapa slike billedskjønne dråpar over den spente overkroppen hans, limte det svarte håret hans saman til finfordelte, samanfiltra, sylindrar som ramma inn, og markerte, dei sterke trekka i andletet hans. Han var for mitt indre, og ytre auge då, ein Mann, slik dei skulle vera, slik dei vart laga, ikkje at eg likna, eller ville strekka meg mot noko som likna han, og kan hende det var difor det var ei attrå der i staden for. Eg skulle leita lenge etter slike perfekte vassdråpar på hud, kan henda nokon gonger tenkje kvifor dei ikkje kvila likeeins på huden min som på hans. Denne Mannen, alltid med stor M, oljete og fuktig og byksande. Når eg tenkjer meg om so var det to nyansar av lilla i rommet, ein mørkare i taket, ein ljosare på veggen. So andlete hans var alltid litt mørkare fiolett, som om han rødma når han såg meg, og litt ljosare på overkroppen slik at vassdråpane fekk sitt merkvordige gjennskin i augene hans.*

I. Kjørtan

Eg vaknar med rester av Bjørn i halsen  
ljøset som aldri forsvinn om sumaren  
ein varme som har etterlete meg våt under lakenet  
Eg vaknar med rester av meg sjølv i handflata  
Den siste stunda før eg flyttar

Eg kuttar namna våre inn i stammen på eitt tre  
«Bjørn og Kjartan for alltid»  
grev eitt hjarta kring det  
hogg ned treet  
kløyver det til opptenningsved  
brenn det med olje og grus til asfalt  
gjennom vinteren  
for å leggja ein veg  
ut forbi sumaren

Eg heiter Kjartan,  
eg er forelska i Bjørn!  
Eg elsker han no  
Eg elsker han framleis

## Vakna

Det tek tid for sola å reise ned fjellsida og treffe dalbotn. Fjellsidene fell bratt og skrått på alle kantar, nesten som ei trakt som samlar husa i bygda på botn. Høgspenningane strekk seg over fjorden frå vasskraftverk gjøymd i fjellhallar, syng med si lave summing, og om du er nær nok vibrerer dei, vibrerer inn i sener og blod, får det til å brusa lik fossane som fell mot botn av dalen og fjorden. Kun tre vegear ledar inn og ut frå denne dalen, og dei buktar seg langs elva og fjorden lik blodårer gjennom bygda som gjev den liv.

Bygda som knyttar seg til resten av verda gjennom tunellar og kronglete fjellovergangar lik blodårar i og over fjellet. Fylt av menneskjer som arbeidar desperat for å få nye vegar ut, spreng fjell, vender jord, trekk ingeniørkunsten langt, og lengere enn langt for å frigjere bygda. Grev tunellar for so å drar tilbake att til hus og heim etter arbeidet, luktande av grunnfjell og eksos. Menneskjer som arbeidar i kontor, kommune, folk som lærer, pleiar, går på sosialen, veks opp, drar, blir og døyr.

Det er i denne Bygda eg lærte å elska, forelska meg i Bjørn. Lik ein storm som slo inn i kroppen min. Bygda der følelsar vaks ukontrollert inn i ei tiltrekning og ein desperasjon som vaks om kapp med kroppen min, der eg konstruerte eitt tenkt liv for oss to. Staden eg har vekse opp og bygga livet mitt kring, bygda eg vil forlata for ein annan stad og skilje mitt liv frå Bjørn sitt.

Eg husker me stod der, Bjørn og eg, midt på sumaren i t-skjorte, sandalar – eller var me barfotte – og såg på det gule ljuset vandre nedover fjellsida og jaga vekk det blåe. Me stod og fraus, venta på varmen, huda vår var nuppete av kulda, alle blodårene våre hadde flykta djupt inn under huda og me var so bleike og nuppete der me hoppa frå ein fot til den andre. Eg minnst at eg såg på deg, huden, andlete, pusten eg nesten kunne sjå avteikna som frostrøyk i lufta, som var den same anden som min, at eg ville kyssa deg. Eg gjorde ikkje det, og eg forstod det ikkje då. Men det var då eg forelska meg i deg.

Det er på ein slik morgon eg vaknar no, ein av fleire, umerkeleg og lite spesiell, berre ein morgon på våren, i ei bygd ein eller anna stad, der eg, ein gut har forelska meg bunnlaust i ein annan gut.

Huset vårt, heimen min, er kun eitt av mange frå same fabrikk som ligg på rekke og rad i trappetrinn oppover fjellsida. Alle bygga for å husa arbeidskrafta som skulle byggje vasskraftverka, alle med dei sama panoramavindauga, dei same balkongane, den same utsikten, dei same planteikningane som ligg til grunne for kvart hus og som gjer at alle husa ber eitt preg av kjennskap, ligg intimt inntil kroppen din. Men ikkje alle ber dei same merka, lik dei distinkte hammerslaga som teiknar svake rundingar i panelet på ulike veggar, lukta, følelsen av golvet som voggar visse stader, det umerkelege som gjer eitt hus til din heim

I dette huset både heilt likt og ulikt alle dei andre vaknar eg. Byrjar å røra på den eine handa før den andre går opp til andlete, gnir seg gjennom håret, før eg tek heile knyttneven og gnikkar søvnen ut frå augene, presser so hardt mot augenhola at blodkara nesten sprekk, men dei held, og forlet auga kvite og klare, med berre nokon korn i augenkroken som minnar om søvnen som akkurat slapp. Eg gnir stivheten ut av kroppen etter natta, ut av armar, bryst, pikk, bein og reiser meg opp frå senga. Slår nesten hovudet i skråtak og teiknestiftene som held på plass plakatar av band, filmar og raskt skiftande interesser, som uansett kor mykje eg fiksar på dei framleis heng i små halvbogar og liksom krøllar seg i kantane frå fukta som sit i treveggane. Eg ser på dei, men gjer ingenting med det, den fukta som sit i veggane, sit i alt av papir, tekstilar og kroppar. Ein usyneleg fiende me forsøker å kjempa mot med ventilar, avfuktarar og tørketromlar, men som forlet alt kring oss lika fuktig og sigande.

Eg trekk opp dyna og drar den om meg lik ei kappe, og lar fotblada gå lett over linoliumen som får små kondensmerkar i seg før føtna lander på den rue, varme overflata av kleberstein på badet. Eg lar dyna falla ned i eitt hjørne før eg pissar i fleire minutt og ser små urindråpar sprette opp frå toalettet og set små merke på toalettsetet og lokket. Tørketrommelen hogg til, den djupe lyden skjær gjennom badet. Denne maskina si hule lyd fargar alle minna mine frå tidlege morgonar, korleis eg sporar over den ledda slangen opp mot ventilen for å varme hendene mine, ventar i tidlege morgontimar på at klede skal verta tørre for dagen. Korleis eg alltid plukkar dei ut for tidleg slik at lufta utanfor badet gjer at klede treff huden min som eitt slag, liksom kaldt og rått, som gjorde at eg kjende kroppen min enno nærare, og samstundes kunne kjenna andres nærare på min. Korleis alle sine klede klistra seg til huden i det fyrste sjokket, og alle lukta komfort tøymluknar, og innestengd, byrjande svette. Og under alt dette, liksom begravd under svettekjertlane, noko som røyrd seg, ei strøyming som var nær ei berusing. Den rusande følelsen når du er so nær nokon andre at du kan plukka opp det distinkte i lukta deira. Korleis den Comforten hos han er blå og luktar lett søtt og blomar, ulik den eg kjente på meg sjølv som berre luktar såpe, korleis han sin svette prikkar håll i den søte lukta og aktiviserte mine eigne svettekjertlars imunrespons, og lot hjartet dunka lika hardt og taktfast som tørketrommlane. Og når vinteren kom, so var frostrøyken frå munnen hans lika brent inn i minnet mitt som ventilane på veggen, jamnt pustande ut med ei nærast handfast sky luktande av rød tre og leverpostei. Og all den dampen rusar framleis blodet mitt og omgjev meg som noko sexy og vakkert. Rød tre, leverpostei, byrjande sveitte under Axe og metall frå eksosen legg seg i nasen min frå han, eg ville aldri snyta meg, ville behalde han der i nasen lik den vakre draumen me kunne drøyme saman her.

Lydane denne morgonen opnar opp mitt nettop vaknande sinn for alle dei tankane, eg får berre nokon minutt, nokre gonger kun sekund, før Bjørn er der, før tanken om han ligg nett der i utkanten av tankane mine og vil inn. Eg drar av meg dei slappe joggebuksene og t-skjorta som eg har fått for vane og sova i om vintaren, som allereie har byrja og å verta for varme og forlet kroppen hans glissen i den tidlege våren, glattar ut kroppen ein siste gong før eg går inn i dusjen til lyden av tørketrommelen som jamnt dundrar ved siden av meg. Saman med lyden frå tørketrommelen høyrer eg lyden av P4 og kaffekoppen til mor mi som treff bordet. Far min sine lydar er allereie komen og gått, har som alltid vore skult av grålysinga, tidleg oppe, seint til seng. Eitt liksom sporadisk nærvær av tryggleik og fråvær. Eg drar handkleet over kroppen, eitt handkle utan den stive friskdomen av klede tørka i frisk klar luft, men dei knekte fibrane, mjuke og slitne etter uendelege rundingar i tørketrommelen. Frå hovud til fotsålar jagar eg vekk det han kan av fukta.

Han ser små kaffeflekkar farga den kvite benkeplata, mor hans si vandring frå bordet til benken for å fylla koppen, dråpar av kaffe som er usyneleg i si flukt frå kanne til kopp og som fyrst gjer seg merkbare når dei landar og stivnar på benken.

- God morgon
- ...
- Eg har baka so du kan ta litt frukost
- Ikkje svolten
- Eller lunsj?
- Nei!

Eg angrar det augenblikket orda forlet munnen min.

- Skal du opp til Bjørn etter skulen i dag?

Kvifor spør ho om det? Kroppen min stramar seg, og eg må kjempe for å halde bilete av han ute av hovudet. MEn bileta av han blinkar so fort forbi, som om eg spolar ein VHS og det einaste bilete som går forann auga mine er BjørnBjørnBjørnBjørnBjøBjøBBBBBjørn!

- E E Eg...
- Går det bra?

Eg trekker pusten for å roa meg, ikkje stamma.

- Ja, det går bra, og eg veit ikkje.

Maten vert til deig igjen

- Det er so hyggeleg at dikkan framleis er vener. Eg husker

Eg stoppar ho og angrar igjen augeblikkeleg.

- Det er ikkje som om eg er med han kvar dag, og det er jo alltid andre der.

Dette er ikkje sant, Eg har vore med han kvar einaste dag, og når eg ikkje ahr vore med han so er det kun tankar om han som fyller hovudet mitt, kvar han er, kva han gjer, kven han er med. Det er sjeldent det er nokon andre der, berre oss, og når det er andre kring oss so liksom synk dei berre inn i bakgrunnen og vert utydelege, stemmene dempa, minne om kven dei er viska vekk bakom han.

- Kjartan, det er ikkje noko gale i
- SLUTT!

Eg ropar, av di ho kan ikkje fullføra, dei, det. Eg pressar tanken om Bjørn vekk, tvinger meg sjølv til å laga eitt tomt rom der han ein gong var, men lika fort som eg tømmer det so trenger tankane om hans eg inn igjenog tårar presser seg fram i augenkroken min. Kva faen? Men eg fortsettjer og tvinga han vekk, og fleire tårar prøvar å presse seg fram.

- Kjartan?

Ho ser lamslått ut, kaffekoppen har frosen i hendene hennar, men det skiftar for til noko rådlaustm forloren. Faen. Skal ho oh grina, har eg klart å såre ho og? Saman med meg sjølv?

- Det luktar godt.

Ho ser forundra på meg, skiftet er pluteselegt, på ein måte nesten valdsamt. Eg forstår det, og til slutt forstår ho og, at h må hjelpa meg å fylla tomrommet, halde det opptatt slik at han ikkje slepp inn.

- Ja . . . eg baka nett no, so dei er heilt ferske. Vil du ha litt frukost?

- Ja, takk.

ME reiser oss samstundes, begge går mot benken, som om me hadde planlagt detta. Ho tar eitt av brøda ut frå under dei fuktiga handklea, eg opnar kjøleskapet og byrjar å finne fram smør og pålegg. Ho et aldri frukost, men i dag so gjer ho det. Smører på ei skive, eg gjenntek bevegingane ved sidan av ho, set oss ned ovanfor kvarandre og tek små bit av brødskiva.

- Korleis går det på jobben?

Ho ser på meg, som om ho ikkje forventa at eg skulle sei noko, at ho måtte sei noko, og legg frå seg brødskiva utan å ta ein bit.

- Det går bra, men du veit, det er ikkje so mykje som forandrar seg.
- Mhm.
- Kva med deg, på skulen då.
- Bra

Ho trur ikkje på meg. Det er enkelt å sjå. MEn, ho vil ikkje bryte denne stunda, dette vetle pusterommet der me berre kan sittja saman. Og eg heller vil ikkje bryta det, vil berre sittja her og ikkje måtte tenkje.

- Ikkje noko nytt?
- Nei, er jo snart ferdig. . .
- Ja tenk det, allereie
- Føles ikkje so raskt
- Det gjer aldri det
- Kva?
- Nei, berre det at det verkar lengre, hmm, tida er annsleis innanfrå og utanfrå.
- Og so ser ein kanskje andre ting, legg merke til andre ting.
- Hm

Ho fiskar, etter noko, kva som helst ho kan gripa fatt i. Men eg vert stille, veit ikkje kvar eg skal byrje, om eg kan byrje, so ho ryddar, trk talerknene med den halvetne skiva til vasken og fyllar meir kaffe i koppen sin. Eg fylles av ei tristheit, ei uforklarleg tristhet, ei eg vil at ho skal kunne bøte på, lik når eg var yngre, når ho såg og berre forstod, men no sit ho ovanfor meg og berre rullar ein røyk, trente bevegingar som ligg so nært mitt bilete av ho. Røyken frå tobakken er søt, legg seg som eitt lokk over kjøkkenet, lagar ei boble for berre oss.

- Unnskyld . . . for i stad, eg er berre trøtt.

Ho legg frå seg rullingsen i askebegeret, lar den tynne stripa med røyk siva opp til den sluknar av seg sjølv.

- Det går bra Kjartan, eg . . .

Vi ho sei forstå, kan ho? Vær so snill, sei at ho forstår, i denne røykbobla, so eg framleis kan holda fast i ho.

- . . . er glad i deg.

Det var ikkjedette eg ville ha, ikkje det eg trudde eg trengte, og augene mine byrjar å renne.

- Kjartan!
- Det går bra, eg fekk berre røyk i auget.

Ho får dårleg samvit, men det einaste eg kan gjera er å smila og ta ho lett over handbakken. Ho stumpar rullingsen heilt og viftar vekk røyken med den andre handa og bryt den bobla me sit i. Ho skal til å spørre meg igjen, om korleis det går, om Bjørn.

- Eg må gå

- So du ikkje kjeme
- Seint

Ho smilar, eg ser på klokka og må forte meg so eg ikkje mistar vindaugget mitt til å møte han, liksom heilt tilfeldig slik eg gjer kvar dag.

- Ikkje gløym gymtøyet ditt

Eg ser på påsen med gymtøyet, og det ville vore enklare å gløyme det, men ho har sett det no, so det no, so eg tek med posen, vurderer å leggje det igjen ved døra, men ombestemmer meg og pakkar det ned i sekken.

- Ja, klart
- Ha ein fin dag.
- Du og

Eg ventar litt i gangen, høyrer lyden av rullingspakka når ho gjer klar enno ein røyk, ryddar vekk glas, fat og koppar. Samstundes høyrer eg etter skritt, stemmer utanfrå, tel med sekundvisaren på klokka før eg opnar døra, før eg går ut, akkurat tidsnok til å møte han.

- Kjartan? Har du gått
- Nei, eg går no! Hadet!
- Hadet! Ha ein fin dag.

Eg kan gå litt saktare, litt, so eg treff oppkjørsla til huset hans perfekt. Dette er eitt spel, ei nøye utrekning. Det er berre snakk om å settja meg i riktig posisjon i forhold til han, som sjakk, eg kan ikkje spela sjakk, men eg veit korleis posisjon eg må ha i relasjon til han: Nære nok til å merkast, langt nok ifrå til å ikkje verta slått sjakk matt slik at me kan fortsettja.

- Du og!

Eg opnar døra, høyrer noko stemmer nærma seg, 1,2,3,4,5 gå!

Ekkoet frå ein kropp i ei bygd. Fleire ekko, lydar, av noko som leitar, føler, fryktar og skjuler, liksom eitt ekko i vår eigen kropp. Dette landskapet kring meg har vorten forma lik kamfer som vert smelta under tunga, som når det brune, kanta sukkeret formast etter den røe undersida av tunga og samstundes kuperast av det mjuke vevet i underkjeven som bølgjar og veltar seg etter tungas rykningar. Og lik munnhåla, so renn landskapet seg nedover, frå topp til botn slik at alle husa samlar seg som eitt steinras som har stilna i botn av dalen, lik halvfordøya mat som ber individuelle merke av kva det ein gong var, men som no har mista all form og farge. Det er dette ekkoet av lydar me fylgjer. Ekkoet av piss som treff stiva vassflater, gnissinga av hud mot hud, den djupe romlinga frå tørketromlar og mødres daglege morgonrutiner. Det er denne bygda eg går ut i denne morgonen, i den kalde lufta som treff dei varme og framleis litt fuktige kledna mine som ein vegg på veg til skulen

Skulevegen er den utrygge lina mellom to faste punkt: heim og skule. Eitt frirom der me er utanfor reglar og oversyn, ei line med fridom og frykt der me bannar, røyker og vert banka opp. Det er inga der for å passe på oss, so det er her me lagar våre eigne reglar, her me er mest synlege for kvarandre, sårbare, der klassane ikkje skiljer oss slik at alle, absolutt alle kan sjå deg. Den same vegen, tredna, årstidene der eg har sett meg sjølv og andre vakse opp, verta hata og mobba til og verta mobba, til å verta gløymd, for at dei so finner dei igjen og den same rundansen kan byrja igjen. Men etter å ha gått den same ruta i ni år har eg perfeksjonert den. Eg går for tidleg for å verta banka opp, for seint for å verta dratt inn i feil grupper og samtalar. Eg får nokon ord, dytt, ein gong eitt slag som fekk det til å pipa i øyra mitt heilt til eg var framme ved skulen, men eg har det akkurat i den luka betre enn mange andre. Og ikkje minst, det viktigaste, so er dette augenblikke nøye utrekna slik at eg møter Bjørn når han kjem inn frå oppkjøyrsla deira.

Når du er forelska vert alle handlingar eitt spel, ein strategi for å treffa den du er forelska i, so eg går enno saktare no, ser ned på føtna mine der eg legg ein fot parralelt med den andre og fylgjer vegen etter dei tre rennene med strøsand ned mot huset til Bjørn. Sola kryp lengre ned fjellsidene, gulnar toppane av tredna og lar det grøne vende tilbake frå under frosten alt teikn på ein gryande vår, men lufta er framleis kald når den treff meg, gjer meg var under kroppen min under kleda, eitt raskt dunkande hjarte bakom stive brystvorter som går mot Bjørn. Eg trekk opp skuldrene, trekk ned collegegensaren, lar jakka henge opent og buksa henge lika langt nede. Den eine sida av buksa heng rett under hoftebeinet, den andre over, slik at den kvilar i ein fem og førti graders vinkel med den eine handa hans i belteløkka som held buksa oppe. Buksa, bomullen i gensaren, plastmaterialet i jakka som gnissar mot kvarandre er det einaste som skjular kroppen og held følelsane i sjakk. Eg nyttar tilmålte skritt etter lang tids trening, raskt nok til å unngå dei eldre gutane som skal ta bussen til vidaregåande, sakte nok til å ikkje forsvinna inn i dei andre som kjem inn på vegen frå ulike oppkjøyrslar med like hus, som hoiar og ropar til kvarandre. Eitt nøye utrekna spel so eg skal nå Bjørn akkurat i det han kjem inn på vegen. Skritta mine vert raskare, enno fleire kjem inn på vegen, fyller den med stemmer når vegen saumlaust fletter seg saman med andre, mindre stikkvegar. Hjartet mitt dunkar raskare, eg byrjar å sveitte under armhola og det kilar når dropane renn ned over ribbeina.

Dei ulike gruppene delar seg opp i trekløver, firkløver, tospann, og nokon som går åleine, utanfor. Eg lurar på om me utanfrå berre ser ut som ei stor gruppe? At ein ikkje ser dei som er inne og dei i utkanten, han eine so full av kviser som er so sprekkferdig for å verta med, men berre held seg i utkanten og stirrar i bakken. Tine, Elisabeth og Maria som går i ei stram rekke, alle med like klede, jazzbukser og buffalo, og dei andre som går bak dei med nesten, berre nesten likens klede, litt billigare frå sparkjøpkatalogen, og korleis avstnden mellom dei også skapar ein for for hierarki. Dei høge, breie gutane, som går foran Tine, Elisabeth og Maria, som dei himlar med augene mot medan dei roper og sparkar strøsanda bakover mot dei.

- Og so tok han faen meg og slo til han, dritings.

Latter

- Men likar du han?
- Eg veit ikkje

Stille hvisking

- Er det i dag me hadde prøve?
- Ja. Har du ikkje lest
- Nei . . .

Nervøs opning av sekkar.

- Ok, eg kan bytta ti Pog mot din eine i gull.
- Men den er verdt meir
- Enn ti?
- Ja, eg trur det.

Me vert aldri færre eller fleire, med ein gong nokon går ut kjem nye til, med dei same samtalan og du kan spora dei skiftande interessene frå Pog til kjærleik til drikking medan dei vert eldre. Og det er no me skal bestemna oss for kva me skal, kva me vil bli, og eg merkar korleis tankane mine og våre forandrar seg frå å

tenkje her og no til då og når, at me alle byrjer å forme, eller forestille oss ei framtid, draumer, mål, noko å jobba og håpa mot. Eg er delt mellom to, det å draume, ynskje meg ei framtid separat, vekke frå alt og alle her, og det å drøyma og forestilla meg eitt liv her. Og det er vanskeleg å forestille seg noko anna, der livet frysast so ofte i ein alder av femten, og dei som bryt ut vert berre nemnt som dei andre, som om dei er utanfor rekkevide, døde. Og kan eg gje slepp på han? Kor lenge kan eg leva i eitt no som alle andre har forlatt? MEn det er kun videregående, to val og tre år, alt kan skje. Valet mellom yrkesfag eller allmen. Om eg veljer yrkesfag kan eg venda tilbake hit etter to år, gå lærling, gå etter han. Og eg veit han skal ta elektro, men kanskje eg kan ta mek, so er eg framleis nær han, men ikkje heilt der. Eg har inga interesse for mek, men det er ikkje so farlegt, det er sikkert mange som ikkje interesserer seg for det dei gjer, men kun gjer det for andre. Sjølv om det for meg er annsleis, sidan den andre ikkje veit at eg gjer det for han. Og no, no er det min, vår tur til å forsvinna, ta bussen mot videregående, flytta på hybel, og kanskje det kjem inn ein ny gut som er forelska, ikkje i Bjørn, men ein annan gut, og held fast på den same følelsen i ni år. Alle dei tankane rasar inni meg, naturleg no når det snart er over, når me alle skal kvar til sitt, ta bussar til større skular, mobbeoffra kan få fri, byrja på nytt, dei populære kan fortsettja livet sitt som før på bussen, koma tilbake hit igjen. Men eg, skal eg forlate Bjørn for å byrja på nytt, eller skal eg verta her i håpet om at det som me har sådd her kan fortsettja vidare.

Eg har gløymt meg bort i mine eigne tankar, eg har gått for fort og kolliderer nesten med Erlend.

- Kva faen Kjartan?

Han dyttar meg tilbake, litt hardare enn vanleg so eg snublar bakover, eg ventar nokre sekund for å skapa litt avstand mellom dei og meg, andre går forbi, kring meg, før eg byrjar å gå igjen.

- E da sant?
- Fy faen so ekkelt!
- I røvi?

Eg høyrer berre brotstykker av det dei tre gutane to klassar under seier når dei nærar meg, men eg merkar at dei hevar stemma si, prøver å få orda deira til å nå meg, og eg krympar meg, bøyger meg under orda som seiast fritt fram men som er retta mot meg.

- BØ!

Skrik Peder, broren til Erlend når han går forbi, og i eitt halvt sekund mistar føtne mine si faste rytme og eg knip auga saman for om meir skal fylgje, stiller meg stødigare for om ord no skal verta handling. Men dei går forbi, ler, snur seg

- Fy faen, såg du?
- Jevla homo!

Til og med dei yngre gjenkjenner, ser noko i meg, og om til og med dei ser og vemmer seg over det, kvifor skal ikkje eg og vemma meg over det til og med eitt born kan sjå og forstå. Det verkar som om det går på rundgang, kven dei skal ta, leggja merke til, sjå eter annsleisheita til. Nokon ser eg og dei som var feite, nytta briller, var med på å luka dei ut nokon gonger og. Men det var kun byrjinga, me byrja med å pirke i overflata, før me byrja å grave oss nedover, under huden og ut i livet deira, kven familien deira var, lukta under dei billige kledna deira, faktar og forelskingar, heilt til det gjekk so langt ned at dei fant fram til det eg gjøymmer, som eg byrja å skjule. Og dei klarte til og med å settje ord på det før me. Homo. Og eg måtte lære frå dei kva det tyda, deira definisjon, so eg lærte den vridd, som noko feil, eitt skjellsord, ikkje noko eg var, ikkje forelskinga mi, men noko eg måtte skjula. Men eg visste heller ikkje kva det var eg måtte skjula, kva del av meg dei såg og undra seg over, den delen dei ikkje likte. Dei lærte meg orda, ideane kring meg, spora forelskinga mi til ein eller anna mørk stad i knyttnevane og orda deira, og eg tok imot dei i minna, i magen, i andlete og skrittet, la orda på minne og skjulte blåmerka til dei hadde gravd seg djupare og fann nokon andre feite, dumme, med feil klede og familie, berre det ikkje var meg. Ljoset sloknar i gatelyktene og alle sine andlet vert blå og utan definisjon. Eg fylgjer no dei andre sine skritt umerkeleg lika blå og udefinert. Sveitta kjølmar mot huda og trekk kroppen min saman, fortset å passa skritta og tida slik at eg kan plassere kroppen min

samlaust ved siden av Bjørn. Nokon dyttar meg igjen, ein av dei andre, litt hardare enn vanleg, men denne gongen er eg takksam av di dei dyttar meg mot han. Eg rettar på gensaren og senker farta litt igjen, ser korleis me vil møtes so eg senkar blikket og ser føtna til han som dytta meg forsvinna, lisser uknytta og våte som sleng kring føtna hans.

Eg ser han før han ser meg, han lyfter handa for å helse, eg lyfter handa tilbake, men merkar fort fem, ti andre hender som lyfter seg for å svare han. Eg tek mi eiga hand fort ned samstundes som Geir går inn i meg, dyttar meg so eg nesten snublar, tre av jentene frå året under oss kniser. Eg ser bort mot han, følger skritta hans, målar i tid og avstand slik at eg treff han akkurat der oppkjørsla møter vegen. Han ser ned når føtna hans når asfalten, dreg med seg litt av grusen frå oppkjørsla som legg seg saman med strøgrusen i vegen. Buksa hans dreg langs asfalten, tygga i ein halvsirkel der den slitast under helen, smeltevatnet som har krypi oppover buksa og opp til knea iløpet av vintaren og har etterlatt seg ei kvit stripe av vegsalt der. Buksa som heng likeins som min, dei same slitemerka, salte og mørbanka gjennom tørketrommelen. Liknar me? Eg fangar pusten raskt inn, og hjartet går litt raskare når eg har kutta pusten og lar meg falla tilbake til den delen av gruppa der han vil sluta seg til.

Eg møter Bjørn samlaust, konsentrerer meg om å gå vanleg, vanleg fart for at det skal virka uanstrengt, tilfeldig. Han går likt som meg, eller eg går likt som han. Same klede, same måten å halde buksa på, begge med sekken tilfeldig over ein skulder med meislene som grev seg inn i boblejakkene og etterlet raude merker over hoftebeinet våre. Eg røyrrer ved det gryande merke og tenkjer på korleis det er spegla i hans kropp, korleis det gjer oss like. Bjørn smilar, eg løftar andlete, strekk nakken bakover, blottar nasebora og smilar tilbake.

- Hei. Og hovudet mitt fell fram igjen.

Bjørn held auga sine i meg, ventar, og eg har vore so tapt i mine eigne tankar om kva dette møte kan bety so det tar tid før eg får stotra fram eitt svakt.

- Hei.

Eg kjenner denne vibreringa i min eigen kropp, den som alltid er der når han er i nærleiken, ei letttheit som smittar over på meg, eitt bilete av at me er like, trureg, at me kan gjere det same, at me vil det same. Han fortset å smila mot meg, og smilet letnar meg, førar meg tilbake til noko barnleg, ubekymra, leikande, men samstundes noko vaksande forbi forelskinga, noko altoppslukande i kropp og sinn. Men no, akkurat no, her og no, er det kun ei uhemma glede over å sjå han.

- Eg rakk ikkje dusja.

Som om me allereie har byrja samtalen, eller berre fortset på ein samtale me allereie har byrja.

- Du luktar

Han ler. Eg elsker å få han til å le.

- Du og
- Eg kva da?
- Hmmmmmmmm.

Han ser opp og rynkar panna i ein liksom grublande tanke

- Pepperoni og svømmebaseng.

Eg ler som om det kun er oss. Eg lukkar oss inn i bobla vår igjen. Eller eg, som mor mi med sigarettøyken forsøker å skapa ein iglo der me kan vera åleine saman. Me snakkar ikkje so mykje etter denne fyrste utvekslinga, berre korte utvekslingar om det som skjer her og no.

- Fy faen, den siste tentamenen
- Ja, fy faen eg veit, og eksamen neste!
- Fy faen!

Han sparkar noko grus ut frå vegen. Eg lurar på om eg har lukka denne bobla godt nok, til å snakke meir, men alboger og ord fortset å stikka seg veg inn i den, og det er då eg ser ho, Ingvild, når me har komen ned i dalen so kjem ho ned frå andre sida, frå tyrollerhusa som blinkar i lysekroner, kvit mur og brunt tre. Ho er lett å sjå der ho går, med platåsko som uroar okla hennar og får ho til å vinga eitt hovud over dei andre. Men ho merkar ikkje dette, ho berre drar fingrane gjennom håret og går tvert inn i gruppa som ein isbrytar og finn Tine, Elisabeth og Maria.

Eg merkar magnetismen ho har på gruppa, augene som glir mot ho, merkar at det stikk hol på bobla, igloen vår, ser augene hans gli mot ho og det stikk i lysken som matforgifting. Og eg må fanga hans merksemd, lappa holet i bobla, sei ... noko.

- Videregående!

Halvt seier, halvt ropar eg

- Hæ?
- Om du, altså, ja har du bestemt deg . . . kvar du skal altså?
- Må vel da, han rådgjevaren er jo etter meg.
- Men du veit ikkje?
- Jo, elektro, mek, eigentleg bryr eg meg ikkje
- Ikkje eg heller.

Men eg veit, eg vil, men det eg vil er også styrt av hans ynskjer. Eg har bestemt meg, har snakka med rådgjevaren, ein skule ein stad lengre vekke, ein stad eg må flytte på hybel til, ikkje i nærleiken av nokon av vala han vil, eller skal ta. Men om han enno ikkje har bestemt seg, so er det framleis mogeleg . . .

- Eg trudde du hadde bestemt deg
- Nei, nesten, men alt er jo opent.

Halde denne vesle sprekken open, alltid ei lita glippe han kan snika seg inn i.

- OK

Samtalen mellom oss dør ut, og eg vert nervøs for at han no går og eg aldri vil sjå han igjen, at han ikkje vil vera det sentrumet eg so møysommeleg har bygga livet mitt kring, eller om ikkje livet, so akkurat der me er no, der me går no, slik me lever her. Eg senkjer hovudet men Bjørn tar tak i nakken min med iskald tommel og peikefinger og dreg hovudet mitt opp leande. Eg tek tak i skuldrene til Bjørn, hoppar opp på ryggen hans og legg armane kring halsen hans og grev kroppen inn i hans.

- Gratis tur til skulen.
- Ah, den må betalast.
- 
- Og Bjørn grev fingarne sine inn i det fuktige dongeristoffet under låra mine, eg ler når det kiler der på grensa til smerte og klemmar hardare kring halsen til Bjørn.
- Samen eller?

Kommentaren til Erlen går som ein kniv mellom oss. Grepet til Bjørn løsnar, og eg glir sakte nedover kroppen hans men lar armane kvila lengst mogeleg kring halsen hans før eg slepp. Bjørn tek igjen Erlend med to raske skritt.

- - Oi, Bjørn, ikkje dytt. Tenk på kona di.
- - Du og Erlend.

Bjørn tek tak i armen til Erlend og vrir den bakom ryggen hans, lar den gli bakom sekken til du ser stoffet i jakka til Erlend strekke seg når leddet bøygast.

- Homo eller Erlend.
- Au, faen gje deg Bjørn.

Han slipp armen til Erlend og foldane i jakken bretter seg ut, og striper av fukt renn nedover armen der det har samla seg i brettane. Erlend ristar på armen og ser opp på Bjørn.

- - Bra trening i går, det målet, rett i, sjukt bra.

Bjørn svarar ikkje, han senkjer skuldrene og fell umerkeleg bakover til han går ved sidan av meg igjen.

- Hei.
- Hei igjen.

Men han tek ikkje i meg, røyrer meg ikkje, men han går der, ved sidan av meg, han forlot ikkje meg og denne bobla er her framleis. Me vandrar vidare i stildom med suset av dei andre sine stemmer kring oss.

- Kva skal du etter skulen?
- - Eg har ikkje noko planar.
- - Eg skal på fotballtrening.
- - Eg kan jo slenga meg på.
- - Ja, ja det kan du.

Inga latter.

- Og etterpå . . .
- Ja me finn på noko, ser kva dei andre skal.

Han fortsetter, noko med utstyr eg treng, byggjer opp tempo etter ein treig start og guturale lydar, eg lyttar oppslukt, svarar andpusten, høyrer ingenting. Augene hans får tilbake si vante leikenheit, du veit dei menneskja som har auge som nesten vibrerer for å halde fast i alt kring seg. Slike auger har Bjørn. Skritta våre får ein annan samstemt takt enn dei andre, me går i gruppa, men samstundes litt utanfor. Går nærare kvarandre sjølv om me har mykje plass kring oss for å lukka denne bobla igjen, skjerma oss. Han luktar pepra kroppsvask og søvn, han dusja i går, og ikkje i dag tidleg, litt feitt ved hårrøtene, marineblå genser som stolt visar at han har studert ved universitetet i Florida, brødsmuler i munnviken, den blasse oransjefargen som er smørt ut i huden frå pålegget som beveg på seg når han snakkar, pustar og som han taktfast klør og gnikkar på men som han ikkje vert heilt kvitt. Når han smilar so trekk heile andlete seg saman, augene sit i meg so hardt at rynkene kring dei vert djupare, og eg er den einaste i verda.

- BErre litt til.
- Hø?
- Til me er ferdige! Eg klarar nesten ikkje venta, koma meg vekk frå . . . detta! Plassen, lærarane, folka.

Han ser kring seg og smilar til meg som om me to, ikkje kun eg, ber på ein hemligheit.

- Men . . .
- Ja?
- Tenkjer du ikkje på å flytte lengre vekk?

Han vert stille, tenkjer medan skulebygninga veks framføre oss.

- Kva tenkjer du?
- Eg veit ikkje . . . Køben?

Eg tenk noko som er langt nok unna, ein stad som er ukjent og open for oss, men framleis mogeleg å nå, sjølv om ingen av oss har vore der, ikkje vore utanfor Noreg. Men København veit me kva er, kjenner me. Men han berre ler.

- Og so? London? Paris? New York?

Eg smilar, Bjørn smilar og ler vidare, eg trekk munnvikene lengre til det nesten gjer vondt. Meislane på sekken får universitetslogoen til å dra seg saman slik at det berre står frdasity mellom blå bølger, fleire kjeme til i gruppa og nærleiken vert meir naturleg. Bjørn støttar seg til skuldra mi med handflata, eg slepp pusten og lar hjarte slå saktare, men held skuldra heilt i ro slik at varmen frå handa hans framleis kviler på den gjennom kledna mine. Fem minutt igjen, fem på ni og me har heile dagen saman, og so, kven veit.

Vandringa til og frá gjenntek seg nærast kvar dag, til skulen i det grålege morgonljaset, tilbake i ljós som vert hardare kvar dag mot sumaren og aukar kontrastane mellom oss. I ni år sporar me ljaset si vandring opp og ned fjellsida, ser vår koma og vinter forsvinn, ser sumar koma og sumar festa seg i minna våre.

Vegen mot skulen strammar seg inn, lik den og held pusten, før den slepp den ut atte når me kjem inn i skulegarden som opnar seg opp forann oss og eg byrjar å småløpe for å halde tritt med Bjørn. Erlend dyttar til meg, men eg held meg på beina, nokon av venninne til Ingvild knisar, ser på meg, og kviskrar inn i øyret til kvarandre. Men eg har ikkje tid til å bry meg om det, eg må forta meg, holde tritt med han slik at eg ikkje mistar han før det stramar seg inn inn døra og vidare ut i gongane. Eg byrjar å svette, eg kjem nærare han igjen, eg spring, og fem, fira, tre, to, og me er inne. Halogenlysa i gangane på skulen bryt med det blå ljuset ute. Blendar meg, men når augene mine vner seg til det so ser eg, og kjenner, Bjørn sin kropp ved sidan av meg og slepp ut pusten som eg ikkje merkar at eg har holdt inne. Ljoset i gangen avsløyrrer murpuss som har løysna frå fargeglade veggmaleri og etterlatt kvite og grå hol som speglar kvisearra i andleta som går forbi. Dei same bileta, gangane me har vandra gjennom i ni år. Alle fell sakte inn i si rolle, klovnene, nerden, navaren. Eg fell inn i mi rolle, som no er ubetydeleg av di snart vil alle dei som har gjeve meg den vera vekke, men om eg vil fortsetja å vera den sama, det veit eg ikkje. Gjennom gangane på skulen byrjar grupper og bryte opp, fordelast inn i klasser, alder og år, stiller oss opp i rekke foran døra til klasserommet til læraren kjem og låsar den opp og me alle trenger oss inn gjennom døra og set seg ned ved dei faste pultane sine, lenar stolen tilbake og balanserar på dei to bakerste beina slik at kvar rekke ser ut som ein samanhengande, buktande makk. Alle høyrer det same, forstår det ulikt, sit i lukta av fukt og matpakkar som sakte varmast opp, og lukta av gjær frå dei sakte varmande skivene byrjar å snike seg sakte gjennom rommet. Kvar dag fylgjer faste intervallar, og eg byrjar å kjenne på ei vaksande uro over det som vil forsvinna når mønsteret forandrast, og eg til slutt ikkje kan dele faste møtepunkt med Bjørn. Dela ein dagleg rytme, sjå han kvar morgon, og bukta meg gjennom dagen med han i same rom. Med Bjørn tett til meg leitar me oss fram til pultane våre, me har noko som er vårt, to pultar nesten bakerst til høgre i klasserommet, Bjørn forann, eg bak, der eg har gått glipp av halvparten av undervisninga for å læra meg å tolka han, Korleis han oustar, sit, bøyger hovudet, korleis ryggen har breia seg ut og vakse slik at den dekkjer meir og meir av tavla og kvisane som spres seg frå ryggen og opp nakken mot hårfestet, korleis dei byrjer, og so samlar seg til nesten lila omeråde, mørknar, korleis handa hans nærast ubevisst beveger seg mot dei, klør og irrorterer, skjuler dei. Me set oss, eg er i ein slags lykkerus i denne stunda, når eg kan tibringe denne tida med han, men når eg set meg ned ser eg at nokon har skreive  $K + B = <3$  på pulten min, og eg raudmer raskt, prøvar å gnikka det vekk men gjer det berre litt uklart med spyttet mitt, tommelen min vert blå og eg vil måtte nytte resten av dagen på å verta kvitt blåfargen som har sete seg inn i huden. Bjørn set seg, lenar seg mot pulten min, eg tek imot han med magen og strammar alle muskler for å halde dei oppe. Bjørn snur hovudet med eitt spørsmål på leppene blanda inn i eitt tannete smil, og blikket hans går mot brodfлата der eg fort legg tyskbooka over den tåkete skrifta. Han treng ikkje vita det andre veit og eg kjenner. Eg må ta med neglelakkfjerner imorgo og få det vekk før han ser det. Læraren kjem inn, kremtar, Bjørn himlar med augene før han lar stolen falla framover og treffa linoleumet med eitt høgt dunk.

Bjørn peikar mot tyskglosar, eg peikar på svaret. Peikar på matteoppgåver, eg berre himlar med augene, Bjørn vipper fram og skriv 1, 2, 3, 4, 5, eg gjer det sama. klokka ringer, Bjørn spelar fotball, basketball, eg vert valt inn på laga men løp berre etter dei andre, ikkje ballen. Eg går på do, vert der ei stund, drikk vatn til klokka ringer. Bjørn og eg pressast saman i dørøpninga, 12 kroppar som stryk oss inntil kvarandre. Naturfagboka til Bjørn lagar knirkelydar i det blanke papiret, sidane klistra saman av seigt blekk. Oppgåve tre, Bjørn svarar riktigt. Oppgåve 4, eg snublar i orda mine og læraren går vidare til ingvild som snakkar klart og lett. Bjørn ser over skuldra til Kjørtan og smilar mot ho, eg flyttar meg fem centimeter til høgre og klokka ringer igjen. Alle opnar matpakkene sine samstundes, spytt produserast samstundes. Tygg, svelg, og ei felles lukt av fuktig innestengt brød, salami og margarin eksploderer i rommet og markerer midtvegsunktet i dagen. Slik som det alltid har gjort, men ikkje vil for alltid. Brødet veks i munnen min og eg legg resten frå meg, rullar det inn i papiret igjen og legg den ned i sekken. Eg nyt å la orda straume mot meg, overhøyrer dei andre og gjer i dag, som alle andre dagar, til sentrum av vårt heilt eige univers som berre brytast av augene hans som av og til flakkar, ser kring seg i rommet, og eg som følgjer dei for å sjå, forstå, kva han ser etter i verda utanfor.

Langfri følger den same oppskrifta som andre friminutt, berre lengre, , fotball eller basket, eg spring, men snik meg unna under spela, held meg i utkanten, og kjem fyrst inn frå do når det kun er minuttar igjen av friminuttet. Men når eg kjem inn i klasserommet står Erlend saman med Bjørn og peiker ned på pulten min, alle tinga frå sekken min ligg i ein uorganisert haug på golvet, eg vert lamslått men fortset å gå mot dei, byrjar å samle saman tinga frå golvet og legge dei opp i sekken.

- So det er offesielt no? Spør Erlend og glisar mot meg, og so mot Bjørn. Eg ventar på at Bjørn skal sei noko, gjera noko, i det minsta bevega seg. Men han berre står der, heilt ubevegeleg, og stirrar ned på pulten.
- Vel, då får vel eg signera då.

Erlend tek ein raud tusj ut frå baklomma og teiknar opp eitt hjarte kring det og samstundes so stoppar liksom hjartet mitt. Plutseleg, utan at verken Erlend eller eg får tid til å reagera so dyttar Bjørn til Erlend so han dett inn i pulten bak han og nesten fell

- Kva faen Bjørn!

Eg ser det velkjente sinne i Erlend koma fram, som den gongen han slo ut fortenna til Tommy og me ikkje såg han på tre veker. Og han er stor, større, nei han har alltid vore størst, og Bjørn er jo so liten forann han, men han står fast, og eg gjøymer meg bak han.

- Erlend!

Stemma til norsklæraren Olav skjær gjennom rommet. Alt eg klarar å sjå er den gule kvisa under leppa til Erlend, korleis den hoppar når han no ler, kor jævlig stygg og ekkel han er. Bjørn står der framleis, liksom stritt imot han, mellom meg og Erlend, beskyttar han meg? Sekunda drar seg avgårde frå Olav ropar, ingen har bevede seg, og fram til ahn har klart å koma seg fram til oss bakerst i klasserommet.

- Erlend!

Og han smilar breiare

- Bjørn

Urørleg, nårast stoisk

- Kjartan

Og eg lukkar auga frå alle som se rpå oss

- Kva er dette?

Olav står no so nære at lukta av dagsgamal kaffe som han bær med seg er lammande

- Kvifor har ikkje dikkan funne plassane dikkans? Timen har byrja.

Ingen seier noko

- Om ikkje dikkan setter dikkann ned . . .
- Eg ville berre gratulera dei?

Erlend kom både Bjørn og meg i forkjøpet, og smilar breidt mot Olav etter at han har snakka.

- Gratulera?

Olav ser på oss alle tre som eitt spørsmålsteikn.

- Ja, at dei har vorten i lag.

Og her msitar Olav all fargen i andlete sitt

- Kva er det du seier Erlend?

Olav skrifter frå kvit til rosa når han byrjar å rødme før han samlar seg og nærast mekanisk konfronterar Erlend.

- Bjørn og Kjartan vel! Kva? Visste du ikkje at dei var . . . med kvarandre?

Olav vert raudare

- Erlend, no sluttar du!
- Kva? Fordi dei er homo?

Det vert om mogelegt enno meir stille i klasserommet, om nokon hadde bevega på seg akkurat no so ville lyden av skodna deira mot linoleummen kunne knust eitt vidauge. Bjørn sine auger har byrja å vandre kring klasserommet, frå å stirra på Erlend med all si merksemd har han byrja å legge merke til alle som no står og ser på oss, musklane i nakken trekk seg saman og kroppen hans byrjar å bevega seg urolegt liksom han reagerer på noko han har ete. HAN vendar hovudet mot der Ingvild står, ser på ho der ho held Elisabeth i handa som om ho søker trøst, som om ho står der eg står, risikerar det eg gjer.

- Nei
- Kva var det du sa Bjørn?

Olav spør han heilt flatt, held stemma si i sjakk for å ikkje røpa noko. Samstundes klarar Erlend å fange blikket mitt over skuldra til Bjørn og smilar slik at huden strammar seg kring kvisene og klar veske byrjar å renne frå den styrste av dei. Eg kjenner frukosten bevega seg i magen min. So ekkel, so jævlig ekkel.

- Nei

Gjenntek Bjørn og flyttar seg til sida slik at eg vert synleg for heile klassen som no står og ser på oss. Eg visste ikkje at me var so mange i klassen ein gong, og no står eg der heilt åleine.

- Eg sa nei, me er ikkje i lag.

Olav slepp ut ein pust som han ubevisst har holdt inne.

- Nei? Bra.

Bra. Bra? Kva er det her som er bra?

- Erlend. Har du noko du vil sei?

Erlend smilar lika breidt og ristar på hovudet so den klare veska frå kvisa byrjar å renne ned haka hans.

- Nei.
- Nei?
- Nei då tok eg feil. Kanskje dei ikkje er i lag.
- Men . . .

Olav byrjar å verta uroleg igjen

- Bjørn sa akkurat at dei ikkje var det.
- Men Kjartan har ikkje sagt noko!

Eg kjenner alle augene retta seg mot meg, Elisabeth klemmer handa til Ingvild hardare, Olav sine auger går raskt og nervøst mellom Bjørn og meg. Tunga mi veks inni munnen min og eg kalrar ikkje sei noko, alt eg klarar å fokusere på er Bjørn som går sakte mot pulten sin, ser at han ser fort ned på hjartet på pulten min og skyntar seg forbi. Olav vert i villrede, vert usikker, på om Erlend har rett, at eg og må sei noko og slik ta situasjonen ut av hans hender. Heile klassen byrjar å verta uroleg, lyder av føter som bevegar seg, stolar som vert trekt ut frå pultar, lyden av ein heil kalsse som har mista interessa i det som skjer. Eg byrjar likeins å gå mot pulten min, og Olav hevar stemma si.

- Alle kan finna plassane sine so me kan byrja. Augenblikkeleg! Ellers so kan alle forventast å sittja igjen.

Han har gjennvunne kontrollen, nytta eitt av dei siste maktmidla han har. Men det fungerer, og alle dei som framleis står og ser byrjar å bevege seg, setter seg ved pultane sine, og tar fram norskbøkene. Elisabeth slepp endeleg handa til Ingvild som no er raud og klam. Når eg set meg so har Bjørn snudd seg mot sindra, Erlend klappar han på skuldra og smilar ned mot han på veg mot pulten sin. Fargen i Olav sitt andlete har byrja å vende tilbake til normalen etter at han heva stemma si, berre nokre få raude prikkar og raude kinn som sit igjen, og gjev han eitt friskare utsjåande, som om han nett ahr komen inn frå ein skitur. Pusten hans har roa seg, og han fylgjer meg med augene når eg set meg, han går sakte mellom radane, og når han kjem til meg so vender han hovudet ned mot meg og seier i ein vinkel so ingen andre høyrer det

- Du gjer ikkje det igjen Kjartan! Forstår du?

Nei. Eg forstår ikkje, ei heller ser eg kva eg har gjort. MEN eg nikkar, i mangel av ein meir passende reaksjon, for å få . . . detta til å ta slutt. Den varme anden til Olav treff nakken min når han slepp ut eitt siste, dupst pust når han rettar seg opp, lik han set eitt punktum.

- Side 98, du kan byrje å lesa Bjørn

Han rykkar til, eg snur meg ikkje, men høyrer at han byrjar å bla fort gjennom boka, plasten frå bokbindet knirkar når han brett den ut og legg den ned på pulten. Eitt, og so to pust som kjem ut korte og anstrengte, stemma hans skjelv som om han er nervøs, eller han held tårar tilbake. Eg høyrer kun slutten av det han les då Olav avbryt han. Fram til no har eg kun fokusert på stemma hans som liksom slit seg over toppen av kvart ord og dett ned på andre sida.

- Jeg må ned, bak den borteste blåne, søndenfor de brede sletter, der hvor hjertet slår, der hvor tusender herter slår i kor.
- Takk Bjør, prøv å utal alle orda neste gong. Elisabeth!

Ho overdriv Dane som er Tar slik at det høyrer ut som ho skal spy. Men Olav bemerkar ingenting.

- Ingvild!

Som hviskar orda medan ho ser på Bjørn, som om ho sukker under pusten rett til han.

- Menneskene
- Takk Ingvild, veldig bra. Kjartan!

Det er so mange gonger menneske vert nemnt, og eg sporar sida etter den siste hese lyden frå Ingvild.

- Nest siste avsnitt

- Eg løpe vidare
- JEG LØBER VIDERE!

Rettinga til Olav får heile andlete hans til å vrenga seg med kvar bokstav. Men eg fortset, prøver å konsentrera meg om kvart enkelt ord, bokstav, lukkar ute alle lydane kring meg

- Avsted
- AFSTED!

Eg stoppar

- Fortset!
- Gråter
- Siste avsnitt Kjartan

Eg har byrja å sveitte av å sittje her å konsentrera meg

- . . . og, jeg ser meg om . . .
- MIG!

Erlend fnisar, eg fortset og ser for meg kva under leppa hans

- Ja, de er vanvittige, de er vanvittige.
- Er det nokon som kan sei kva Obstfeller ville med detta diktet
- Ja, Ingvild

Eg dreg inn pusten, legg handa mi i armhola og kjenner på den klamme flekken med sveitte der. Eg får ein blyant i ryggen, eg bevegar meg ikkje, den går inn igjen, hardare. Eg snur meg og Bjørn ser mot meg og skyv ein lapp mot meg. Ein strekteikning av Olav, komisk med stor munn, briller, ein liten antydning til ein bart og ordet idiot under. Eg smilar, han smilar, mimar ordet flink og hevar augenbryna til eitt spørsmål, eg nikkar, smilar, og lar stolen min kvila mot pulten hans.

Ein gong trudde eg at forelskinga mi kunne overførast, gå frå Bjørn til nokon andre ved at dei viste meg merksemd, snillheit, men eg forstod raskt at Bjørn hadde ankra seg fast i kroppen min og nekta å slippe taket. Eg trudde eg var forelska i Olav, læraren, når han viste tolmod, ga tid og merksemd, men denne følelsen varte ikkje lenge. Den vart ikkje so mykje avslutta av meg som av han sjølv, når tolmodet forsvann, tida vart knapp, og orda skarpare. Og no kan eg ikkje sjå Olav utan at ein klump med byrjande kvalme legg seg i magen min.

Salamien ligg som slim på tunga, dekkja med eitt tynt lag med mjelk slik at alle sine tunger er kvite under halogenlysa i gymgarrderoben, lukta av gjær blandar seg med sveitte og tøymluknar men kuttast brått når Erlend held ein lighter foran Axen sin og sender ut ei flamme som brenn håra og huden på låret og leggane til Stig. Lukta av brent hår fyller garderoben medan Stig kastar Erlend i veggen so du høyrer eitt unaturleg knekk frå okla hans. Eg tel for å dra ut tida før eg må skifte, tretti sekund for lisser, tre sekund for å reisa seg. Dei fleste har allereie skifta, Stig skoler beinet sitt i kaldt vatn i vasken medan Erlend ler og forsøkar å dytte han ut av balanse. Til slutt klarar Erlend og iritere Stig nok so han hinkar bortover golvet og knear Erlend i skrittet, krafta frå det får Erlend til å kasta opp i munnen og spytta det på golvet der det blandar seg med vatnet frå foten til Stig. Medan dei andre står kring dei og ropar meir, meir, meir, klarar eg raskt å skifte og vera klar til læraren, Ronny, kjem inn og bryt opp det som no har vorten ein slåsskamp mellom Erlend og Stig. Erlend hadde reve oppp boxaren til Stig og klaup tak i ballane hans, eg såg på dei emdan Stig skreik og spyet til Erlend smørte seg inn i håra på låra hans. So legg er merke til Bjørn,, som stirrar ned der eg og ser, når han ser meg trekk han blikket raskt opp og nikkar mot døra, eg følgjer han og går ut, og medan me går so kjem Ronny midt inn i slåsskampen og har allereie byrja å skrike til Erlend og Stig. Me byrjar å løpe, eg ser på Bjørn som smilaer og me byrjer begge å le. Me løp og ler nedover gongane mot gymsalen på golv som er heilt like som badet heima, gjennom lukta av klør og lyden av berre oss to saman. Me hoppar og slår takplater ut av spora sine og etterlet ujanmne, skeive spor i taket etter oss. Eg har gløymd alt anna når me bryt gjennom døra til gymsalen med blodsmak i munnen og sveitte allereie rennande frå armholane, nakke og halsgrop, gløymd lukta av brent hår og dei samanklemte ballane til Stig, spyet i lårhåra hans og lukta av lunsjen som Erlend hadde kasta opp. Og eg trur me begge to forventa at det skulle fortsettja, løpinga, farta og adrenalinet, men når me kjem inn i gymsalen so er alt stille, ikkje ein lyd, me er framleis einsame. Me står og pustar tungt, og sveitta fortset å renna over panna til Bjørn medan hans er seg kring i rommet. Plutseleg stoppar han opp og dultar bort i armen min og nikkar mot utstyrlageret. Eg sperrar opp augene i eitt spørsmål, uvillig til å bryta stilldomen i gymsalen, han berre himlar med augene, ler, og byrjar å løpe mot garasjedøra til lageret som Ronny har rekt å opna halveges opp før han kom stormande ned. Bjørn senkar nesten ikkje farta før han seglar inn under døra, fryktlaus for det han kan møte på andre sida. Eg sakkar ned farta før eg kjem fram, og plutseleg ser eg ahnda til Bjørn stikke ut frå myrkna der inne, eg tar tak i den og han drar meg inn so eg nessten slår hovudet i døra og eg endar opp med å landa klumsete på alle fire innanfor.

- Grasiøst Kjartan

Stemma hans fell rett ned inne i rommet, liksom heile rommet er fyllt med vatt, eller ei tjukk væske som gjer at lyden fell annsleis her inne, inga ekko, ei avstengt boble for os to. Eg ligg framleis på alle 4 og høyrer han puste tungt etter den siste spurten inn hit, lufta ligg allereie tung i rommet og kroppane våre legg ei ekstra tyngde på den med kvart åndeddrag.

- Kom igjen.

Bjørn tek tak i handa mi og dreg meg opp slik at eg står heilt inntil andlete hans, håret på leggane hans kilar mot mine, og eg kan lukta det sure i anden hans.

- k k k k

Eg stammar av nervøsitet, spaning, og slit med å få ut orda.

- k k kva gjer me hr?

- k k k k

Hermar han etter meg

- Utforskar vel. Utnytta sjangsen medan han idioten er opptatt med dum og dumare.

Me står framleis lika nær kvarandre, låst mellom tjukkasar, ballar og gymmatten som osar av gammal sveitte, men over det, eller liksom rett gjennom det som eitt spyd so er det den søte, strame lukta av Bjørn, tøymluknar, fukt og sveitte som kastast mot meg som bølger av varme frå kroppen hans.

- Kom igjen

Han tek handa mi og drar meg lengre innover i lageret.

- Kva skal me?

Eg kjenner at eg vert varm i andlete. Varm, hard og full av håp.

- Skulka vel

Han drar den eine tjukkase fram og nikkar mot meg for å ta tak i den andre sida. Eg dreg den ut frå veggens saman med Bjørn og legg den ned på golvet, so tek me tak i den andre og veltar den over den fyrste slik at den ligg skrått over den fyrste og lager ei smal hule mellom dei to. Bjørn hoppar inn mellom tjukasane og vinkar meg til han, eg klatrar meir forsiktig inn mellom dei, men Bjørn tar tak i armen min slik at eg fell over han, han les, men eg kan ikkje pusta når pikken min treff låret hans, men han berre fortset, og bryt meg berre lengre ned i tjukkase. Og eg byrjar å pusta, le, kjempar tilbake mot han til sveitten renn av oss begge.

- OK alle saman, på rekkje!

Stemma til Ronny frys oss, eg, me hadde gløymd dei, at dei skulle koma, kvar me var, at dei fantes. Bjørn stilnar oppå meg med heile kroppstyngda over meg so pusten min berre kjem i korte andedrag, han legg ein finger over munnen og ser mot glippa i garasjedøra der skuggane av dei andre dansar lett fram og tilbake i sirkeltrening utanfor. Bjørn ligg framleis oppå meg, eg kjenner heile tyngda hans mot meg, kvart pust han dreg inn, og korleis kroppen hans tistar når han ler og smilar mot meg. Kjenner han vert hard, eg vert hard, men ingen av oss seiar noko, berre ligg der og pustar og ler.

- Trur du han kjem inn her?

- Eg veit ikkje, kanskje.

- Trur du han ser oss?

- Viss han kjeme inn? Nei, altfor opptatt med å kollektivt avstraffa dei andre. Fuckings Erlend, eg gidd ikkje springa i sirkel av di han er ein idiot.

Begge ler, so vert me stille, beina mine har sovna heilt, men eg vil ikkje bevega for mykje på meg, vil likso behalde heile vekta av han oppå meg akkurat sånn som dette.

- Du

Og det er noko rart i stemma og pusten hans når han rettar ordet mot meg, han vrir seg slim at andlete han er rett mot mitt, og eg kan sjå refleksjonane av ljuset frå gymsalen i augene hans, som små prikkar som veks når døra vert dratt opp, og til slutt kan eg sjå skuggen, refleksjonen av Ronny i auga hans. Bjørn tek handa over munnen min, eg pustar djupare inn og lar leppene mine grava seg ned i handflata hans so eg smakar saltet frå huden hans, lunsjen hans, luktar såpa frå dassane og so lukkar eg auga.

- Alle, då skal me ut og spela fotball.

Metall skjær mot metall når Ronny dyttar metallkurven med fotballar ut frå lageret og inn i gymsalen.

- Del dikkan i lag på fire og ta med dykk ein ball kvar ut på bana.

Lyden av sko mot parkett, skrig og løping fyller heile salen og lekk inn mot oss på lageret, før det vert heilt stille, Bjørn tek handa ned frå munnen min, reiser seg på albogane med ein arm på kvar side av hovudet mitt og seier igjen

- Du

Eg klarar å stotra fram eitt

- Ja

Han vender hovudet mot døra slik at meir av ljuset frå døra fangast i andlete hans, legg seg over nasenm skuggane frå augenvippe og kinnbein kupert av fjon og småkviser. MEn han stoppar opp etter duet, berre ligg der og pustar, magen treff meg i taktfaste intervallar.

- Du . . . altso.

- Ja? Kva er det?

- Eg berre lurte på

Han held pusten lengre, rytmen brytast, kjem i kortare samantrekningar, eg byrjar å etterapa takta på pustinga hans, eg byrjar å sveitte, kjenner at armane hans vert glisne og limar seg varmt og fuktig mot tinningane mine.

- Eg berre tenkte på det med hjartet

Og kroppen min stivnar

- Var det Erlend som skreiv det?

- DET VAR IKKJE MEG!

Nærast skrik eg so det gjev gjennklang mellom tjukkasane. Bjørn fortar å leggja handa si over munnen min igjen og eg pustar so tungt at duggdråpar formar seg mellom fingrane hans.

- Hysj Kjartan. Kva er det med deg?

Han slepp sakte opp handa medan han smilar

- Det var ikkje det eg meinte

- Det var Erlend han gjorde det han er slik ein jævla idiot det er ikkje sant og Olav som berre . . .

Orda strøymer ut av meg utan stopp, eg gløymer å pusta, vert sår i halsen og kjenner at eg er på nippet til å grina. Fodi det er sant, at Erlend gjorde det, men det er og sant at eg elsker han og eg vil ikkje sei at det ikkje er sant men eg kan ikkje gjera noko for å stoppa meg sjølv frå å sei det, av di eg kan ikkje sei det, han kan ikkje vita. Bjørn skiftar på vektav kroppen sin slik at den kviler over brystet mitt og eg går tom for pust og vert stille.

- Kjartan, ro deg ned, det . .

Han vert stille, augene vandrar kring rommet. Eg kan sjå at han ordlaust leitar etter ord, at augene ser på kvar ting som heng på veggane, ligg på golvet, ballar og kjegler i kurver, alle stader utanom augene mine.

- Lat oss gå ut so me ikkje får fråvær

Er orda han finn til slutt, og eg nikkar stumt, kjenner kroppen hans løfta seg frå min og eg vert kald der han etterlet seg det sveitte avtrykket av kroppen sin. Kjennar pusten og den harde dunkinga frå hjartet hans fjerna seg frå overkroppen min. Eg tek imot handa hans som hjelper meg opp, og kroppen min lausner seg frå plasten i tjukkasen med grådig gisp. Me står begge i fleire sekund heilt ubevegelege. Eg kjenner kroppen min verta kaldare når sveitten kjølner og han ikkje ligg ved meg.

- Det er ok.

Eg ventar på at han skal avslutte setninga, men han stoppar opp, orda stoppar, men også kroppen hans vert heilt stille.

- Ok?

- Sorry, ææ, er du ok meiner eg?

Eg vert anno kaldare, fortvila.

- Ja, klart det.

Me vert begge ståande, men eg kan ikkje holde ut.

- La oss gå ut. So me ikkje får fråvær, eller Ronny klikker på oss også.

Bjørn smiler, legg handa på ryggen min og leder meg i ein spurt ut mot bana, ut i sola, sveitten sprenger og legg seg over den tidlegare varmen frå Bjørn. Me glir umerka inn i spelet, Bjørn briljerer, eg vert småløpande litt på sida, løper i retninga ballen går men held meg samstundes langt nok unna til at eg faktisk ikkje må spela den til nokon andre. Minuttene dreg seg avgårde, eg forstår ikkje at det kan vera so mykje igjen av timen. Det virkar som om me låg der i myrkna i ei eva når eg no minnst det, og eg gløymer tid, stad og at eg spelar noko når Ronny bled i fløyta og kroppane våre smalast som i ei trakt inn mot garderoben. Augene til Bjørn finn meg frå tid til annan, han smilar, ser mot meg, spelar ballen til meg, eg rotar den vekk ut i buskene, løp etter den, står over den med andlete mot buskane, vendt frå den andre og pustar tungt inn, og ut, inn og ut.

Nokre dagar seinare fekta Bjørn og Erlend med pinnar nede ved elvi og Bjørn traff auga til Erlend so han måtte ligge stille, heime, i to veker og gå med lapp over auget i to månader. Men me snakka aldri om det. Bjørn og eg.

Bjørn byrjar å dra av seg gymkledna nesten før me har komen til benken inne i gymgarderoben, t-skjorta sklir sakte over den krumme ryggen og rynkar seg i sveitte, eg går litt bakom, nølande, set meg på benken og tel føflejjane over ryggen han medan eg ventar på at dei andre skal koma seg inn i dusjen. Ein, to, tre frå halebeinet til den fyrste ryggvirvelen, fortset oppover som små spor, sju og åtte mot armhola, tretten ved nakken og t-skjorta slipp taket i kroppen hans. Tretten, tretten fløflekklar dekkar kroppen hans.

- Kjem du?
- Ja, 2 sekund.

Stig er framleis forbanna på Erlend, men sinnet har gått over i lettare dytting, hoing, do lavare so ikkje Ronny skal merka dei og koma inn hit igjen. Eg byrjar med å ta av meg koa, knyte opp snoringen til buksa i livet, men når eg bøyer meg so merkar eg at eg har vorten hard. Eg tek handbakken og dyttar pikken mengre ned og held den fast der mellom låra mine.

- Skal du dusja Kjartan?

Plutselig står Erlend forann meg, lukta av dagsgammal sveitte slår mot meg, og før eg får svara so tar han tak i nakken på t-skjorta og dreg den over hovudet mitt. Eg forsøker å halda igjen, men Erlend er sterkare, større, og når t-skjorta raknar gjev eg opp. Eg ser ikkje Bjørn då, eg kjenner han ikkje ved siden av meg. Erlend dreg ein siste gong so eg hamnar på golvet, Stig har komen bort til Erlend, og saman tek dei tak i kvart sitt buksebein og dreg buksa av meg. Eg held låra mine tettare saman for å halde pikken fast der, og bkseren på framleis lika hard sjølv om eg no er redd, sjølv om eg no er so jævlig engsteleg og berre vil ha Bjørn der, at han skal sei noko. Det er då eg strekk nakken min og ser beina til Bjørn, ser opp på han der han står naken og ser ned på meg, utan å gjera noko, og når han ser at eg ser han so snur han seg vekk og går mot dusjen. Dei svarte randene under neglene til Erlend og stig grev seg inn i låra og leggane mine når dei løfter meg opp og ber meg mot dusjen.

- Sånn Kjartan, skal me hjelpa deg, få deg god og rein.

Dei bær meg inn i dusjen forbi Bjørn, dytter meg inn i dusjkabinettet ved sidan av han og skrur på vatnet. Dei legg meg ned i dusjen, skrur korken av ei såpe som har stått der sidan me byrja på skulen og heill heile innholdet over meg før dei skrur opp varmen på vatnet som vert varmare og varmare til eg kjenne at det brenn på mage og lår og etterlet store raude omeråde i huden.

- Vaske vaske søte, er det varmt nok Kjartan?

Eg ligg på flisene og stirrar i sluket, løftar hovudet opp mot dei og smilar når dei skrur vatnet over kaldt, før dei slår det heilt bort til iskladt. Når eg smilar mot dei, ser eg Bjørn bak dei, som ser på meg, og eg kjem i korte støt inn i understøyet medan dei stirrar på meg. Erlend og Stig ler.

- Fy faen! Han er kun din Bjørn!
- So jævla ekkel. Såg du kva han prøvde på? Greip etter meg når me bar han.
- Jævla homo.

Men Bjørn berre går stille inn i avlukket ved siden av og skrur på vatnet, Erlend og Stig går inn i avlukka på hi sia. Eg reiser meg og skrur på vatnet so det vert varmare. Bjørn står heilt stille i kabinettet ved sidan av meg. Eg skolar av meg såpa som dei helte over meg, tiår gamal dobbel dusj renn ned over kroppen min. Eg skrubber dobbel dusjen inn i huden, prøvar å vaska boksaren rein medan den er på meg, til slutt drar eg den av meg og fortset å vaska skritet, klumpar med sperm renn inn i avlukket til Bjørn og samlar seg kring føtna hans, og eg vert ståande å sjå på dei små klumpane svømme kring han. Bjørn slår av vatnet og dei fleste av klumpane forsvinn mot sluke, men nokon av dei slår seg til ro på golvet ved føtna hans og ligg der og dupper medan han tørkar seg. Han stoppar utanfor avlukket og står der med handkleet kring livet og ventar på meg til eg vert ferdig, eg skrur av vatnet, plukkar opp boksaren som ligg gjennomvåt på flisene, og i mangel av eitt

handkle fylgjer eg dryppande etter han ut i garderoben der han lar handkleet falla og byrjar å kle på seg. Fjorten, fjorten føflekkar og han trekk på seg T-skjorta, han drar på seg gensaren, fem føflekkar forsvinn medan bokstavane F, l og o brettar seg ut til Florida over brystet hans. Han ser opp på meg der eg står naken og framleis tørkar meg, og seier

- OK?

Nesten litt spakt, som om han leiter etter dei riktige orda å sei til meg.

- Ja!

Utbryt eg bryskt, nesten litt raskt og Bjørn slår augene ned.

- Sorry, eg orkar berre ikkje enno ein dag med. . .

- Dei?

Avsluttar han for meg.

- Som om Erlend vil gjera suksess på idrett, som om han vil gjera suksess nokon stad i livet? To venstreføter og dokkearmar!

Bjørn byrjar å løpe rundt som ein galning, veiver med armar og bein og latar som han fell forann føttna mine. Me begge ler. 16 føflekkar med den i nakken. Og eg kjenner den indre varmen eg får når eg er med han, den vekta på brystet mitt frå utstyrsrommet, og eg klarar ikkje noko anna enn å vera glad, å kjenna på denne følelsen av å berre vera oss to saman.

- Kva skal du etter skulen?

- Heim, er vel ikkje noko anna å gjera.

- Bli med oss etter skulen, me skal henga.

- Skal eg kastas i elva denne gongen?

- Du veit dei berre kodd.

Han står og ventar medan eg tar på meg kledna, vrir opp bokseren over vasken og får klissete hender som eg skrubbar reine i vasken. Bjørn sit på trebenken og følger med på bevegingane mine, på kroppen min, og eg vert ør av å ha augene hans på meg. Eg drar på meg buksa utan undertøy, kaldt metall frå glidlåsen mot pikken.

- OK?

Eg ombestemmer meg når eg kjenner augene hans på meg, veit at med han so vil eg, uansett andre, vera med han, vil han vera der og passa på.

- OK. Eg vert med.

Bjørn smiler. Saman dytter me gymkleda ned i plastpåsar, eg rullar den våte bokseren inn i handkleet, og me går mot resten av dagen saman.

Seinare fortalde Erlend og Stig at eg hadde gått inn i avlukket der Erlend dusja og prøvd å fingra han. Stig nikka ivrig ved sidan av, han hadde sett da.

- Han e sjuk. Sjuk etter driten til Erlend
- So kva skjedde?
- Kva meiner du? Me banka han vel!

Slik skjedde det at eg fekk tilnamnet dritfinger, drithomo, og alle, nesten alle, rekte finger mot meg i to veker. Det vondaste var at det var Erlend, og at dei skulle tru at eg likte han, spesielt Bjørn, men han sa aldri noko om det, kalla meg aldri drittfinger eller rekte finger mot meg.

Hoinga fortset inn i klasserommet, all fukta frå gymtimen har overtatt for salamilukta i lunsjen, og samfunnsfagen luktar kropp. Mindre enn eitt år igjen. Klokka ringer inn til siste time, Bjørn smilar mot Ingvild. Ho har alltid vore pen, alltid i reine nye klede med ein hestahale der ikkje eitt hårstrå fall utanfor. Leika ho med oss andre, eg kan ikkje huska hoo annsleis enn no. Ho var liksom alltid ved siden av, men det var alltid riktig å lika ho. Øverst på alle gutane si liste, også mi liste som eg ga til Bjørn. Ho var kanskje flink til å teikne hester, flink i alt. Fitte! Der ho no står med Bjørn, der ho smilar til han, ler, før ho bøyger hovudet ned mot pulten og Bjørn set seg ned forann meg. Bjørn slår Erlend i Basketball og Stig Skular mot dei medan han gnir seg på leggen. Vatnet i boksaren har laga ein liten byll på posen som ligg ved pulten, Erlend sparkar i den og drar luft hardt inn gjennom nasen når han går forbi, smilar, tar tak i skuldra til Bjørn og kviskrar

- Kjæresten din luktar godt.

Bjørn slår han hardt i låret so han hinkar bort til pulten sin medan han ler.

- Kva siden var me på Bjørn?

Men han svarar meg ikkje, so eg slår berre opp på ei tilfeldig side med klump i magen. Olav fortset med den same durande stemma med anna innhold, eg berre stirrar på Bjørn i desperat leiting etter eitt teikn, etter eitt ord, eitt eller anna som visar at han framleis er min, at han framleis bryr seg, at han lkar mg, at eg vil kunne kjenna kroppen hans mot min igjen. Olav si stemme durar fram politiske høgrefløyar medan eg nyttar handbakken til å pressa pikken min ned so det kalde metallet frå glidlåsen skjær ned mot den.

- Kan du svare Kjartan?

Stemma til Olav avsluttar den vante duren sin og kuttar gjennom rommet. Eg klarar ikkje svara, ser berre oppmot han med alle sine auge på meg.

- KJARTAN!

Seier han høgare når han går mot meg med alle sine auger festa på seg, han stoppar ved sidan av meg og blar fram til riktig side i boka og peikar ned

- PArlamentarisme?

- Ja!

Eg sveitter, stavar meg gjennom svaret. Alle ser på meg utanom Bjørn, og stemma mi fortset å skjelva heilt til klokka ringer.

- Takk. Og husk . . .

Men stemma til Olav druknar i alle som dyttar stolane ut frå pulten. Bjørn går raskt og målretta mot døra, so eg vert småløpande etter han gjennom gangen, ut døra, over skuleplassen, og ut porten. Eg når han igjen med blodsmak i munnen og nydanna sveitteringer under amrane når dei skrår ut frå skulegarden i ei større gruppe med Bjørn, Stig, Erlend og Ask som meg berre er der på nåde og aldri seier noko, men kun følgjer etter Stig og Erlend. Eg undrar nokon gonger på om Ask er forelska i ein, eller begge, om me kjenner på den same typen tiltrekkinga, eller om han kun vil vera ein del av noko, høyre til dei, ei grense som frå utsida, for meg, er uklar.. Eg går litt ved sidan av for å skapa litt avstand mellom Erlend, Stig og meg, samstundes som eg held meg so nær Bjørn som mogeleg. Endeleg snur han seg mot meg

- Du er med?

Eg kjenner ei uro som sit i meg frå dusjen, og eitt svakt sinne sidan det var Bjørn som foreslo at for meg at eg skulle vera med.

- Enn so lenge.

Massen av gutar går forbi oss der me går litt åleine no, ein flod av hender, føter og stemmer som dreg Bjørn med seg og eg vert ståande åleine igjen. Eg fortar meg fram so me går ved sidan av kvarandre, eg litt nærare, modigare no, i stildom mot skuret i skogen ved elvi, der lufta som bles over smeltevatnet kjølnar sveitta på kroppen min og får meg til å skjelva. Me dele ein røyk mellom fem som går taktfast mellom oss der utan å sei noko.

- Kva skal me?

Eg trekk røyken berre litt ned forbi munnhola og held den der so lenge spørsmålet er fritt i lufta, ventar i spaning på om Bjørn vil ta meg, oss, med heim. Spørsmålet fell som domino gjennom gruppa, til slutt trekk Bjørn på skuldrene og visar veg til huset deira. Eg kjenner det kribla i magen når eg stumpar røyken og følgjer etter han.

Om noko skal skje, noko skal henda mellom oss, so er det no, før eg flyttar og han blir. Slik at dette kan få ei fortsettjing eller ei ende. Men uansett kva som skjer vil eg halda Bjørn fryst i detta bilete, nett slik eg skapa han mellom fjell og stein, nett slik eg vil forlata han, nett slik eg kan tenkja om han når han ikkje er nær meg.

Han har ein kvit rand under det kortklipte håret i nakken, mellom håret og den brunraude summerhuda, akkurat der håret hadde lagt seg i små vipper som no er klippa og barbert for å byrja på nytt. Eg vil spora dei små nuppene i nakken hans, akkurat der det er nybarbert, kjenne dei falla inn i fingermerka mine og verta ein del av identiteten min.